



Bjørn Kenneth Andreassen innleigd frå Kvinnherad Elektro monterer den fyrste automatiske straummålaren i Uskedalen, i hytta til Tore Langballe på Skorpo.

I dag i ti tida vart dei to fyrste automatiske straummålarane i Uskedalen monterte i to hytter på Skorpo. Eigara er syskena Ingeleiv Langballe og Tore Langballe. Uskedalen.no fekk vera med på oppgraderinga som er ein del av moderne infrastruktur slik styresmaktene har bestemt. Hans Ordin Østebø i Kvinnherad Energi er prosjektleiar. Arbeidet vart utført av OneCo, som igjen har leigd inn arbeidskraft frå Kvinnherad Elektro.

Sjølve byte og oppgradering av ein straummålar vart unnagjort på ein halv time. Alt arbeidsoperasjonane vart fotografert og dokumentert. Noverande målarstand vart avlesen før blomberinga vart kutta og straumen broten. Arbeidet med den nye målararen starta med montering av antennen som sender alle data til Kvinnherad Energi, anten det gjeld straumforbruket eller varsel om straumbrot. Når all montering er klar, vert spenninga sett på. Då er den nye målararen nullstillt og operativ med registrering og sending av data. I sikringskåpet finn kunden ei samsvarserklæring med dokumentasjon og retningsliner. Montøren legg att ein infobrosjyren.



[Straumplaren er nullstilt og klar for sending av data til Kvinnherad Energi.](#)

Med adresse 5463 Uskedalen skal det monterast 670 nye målarar. Etter ein er ferdige med alle hus og hytter å Skorpo, startar monteringa på Ljosnes og Rød. Kundane vil 14 dagar før få informasjon om dato for byte. Det er eit team i Bergen som gjer alle avtalar og står for all logistikk.

Arbeidet med oppgradering av automatiske straummålarar skal vera ferdigstilt innan utgangen av februar månad 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal